Stiftinga er ei næringsdrivande stifting, etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Stiftinga har som føremål å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping i det geografiske området kjent som Sogn og Fjordane.

Styret har tre medlemmer og funksjonstida følger fylkestingsperioden. Valretten ligg til Vestland fylkeskommune.

Styret skal vere samansett slik:

- Ein medlem frå fylkeskommunen
- Ein medlem som representerer næringslivet i fylket
- Ein medlem som representerer arbeidstakersida

Styremedlemene skal veljast mellom representantar som bur i det geografiske området kjent som Sogn og Fjordane fylke før 01.01.2020.

Fylkestinget skal også velje leiar og nestleiar av styret.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare valt Nils P. Støyva som leiar, Karen Marie Hjelmeseter som nestleiar og Gitle Sande som medlem av styret i stiftinga. Gitle Sande er dagleg leiar av stiftinga, og kan ikkje veljast til styreleiar, jf. lov om stiftingar § 34.

#### Stiftinga til fremje av rekruttering og kompetanseutvikling i Sogn og Fjordane (REKOMP)

Fylkestinget skal velje alle dei tre styremedlemene i stiftinga. Fylkestinget skal også velje styreleiar.

I perioden 2016-2019 har styret vore samansett av styreleiar Karen Marie Hjelmeseter og styremedlemene Anne Kristin Lilleaasen og Torbjørn Vereide.

#### Stiftinga Vestlandsforskning [www.vestforsk.no/nn](http://www.vestforsk.no/nn)

Vestlandsforskning er eit forskingsinstitutt som utfører forsking- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentleg sektor. Instituttet arbeider med forsking innan klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Instituttet utfører tverrfagleg bruksretta forsking, og er på den regionale, nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Ved instituttet er det om lag 30 tilsette og årsomsetnaden er om lag 25 mill. kr. Vestlandsforskning held til på Fosshaugane Campus i Sogndal.

Vestland fylkeskommune skal velje seks styremedlemmer og seks varamedlemar i rekkefølge. Styremedlemene vert ifølgje vedtektene valde for fire år, og kan veljast for ein ny fireårsperiode.

Styret i Vestlandsforskning har oppnemnt ei eiga valnemnd som skal innstille kandidatar til vala fylkeskommunen skal gjere. Valnemnda i stiftinga har hatt desse medlemene: Jan Heggheim (Vlfk), Tanja Storsul (institutt for samfunnsforskning), Jorunn Røyrvik (Blix Hotell), Terje Heggheim (Kinn kommune) og sekretær Anders-Johan Almås (Vestlandsforskning).

For perioden 2020-2023 innstiller valnemnda i stiftinga følgjande kandidatar til styret i stiftinga:

Styremedlem (leiar): Natalia Golis  
Styremedlem (nestleiar): Aleksander Øren Heen  
Styremedlem: Camilla Schreiner, Cicero, Oslo  
Styremedlem: Erik Kyrkjebø, Høgskulen på Vestlandet, Sogndal  
Styremedlem: Arve Sandal, Førde  
Styremedlem: Synnøve Aabrekk, Usus, Kristiansand

Varamedlem 1: Sigurd Reksnes, Eid  
Varamedlem 2: Tone Fløtten, Oslo  
Varamedlem 3: Kristin Rundsveen, Sogndal  
Varamedlem 4: Svein Ove Slinde, Sogndal  
Varamedlem 5: Kathrin Jakobsen, Bergen  
Varamedlem 6: Kristin Maurstad, Bryggja

Valnemnda har utarbeidd ei skildring av kandidatane, som kan ettersendast ved behov.

Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter [www.vestnorskjazzsenter.no](http://www.vestnorskjazzsenter.no)

Stiftinga sitt føremål er å arrangere konsertar som er forankra i jazz og tilgrensande musikkformer. I tillegg skal stiftinga m.a. ivareta Norsk Jazzforbund sine regionoppgåver, også i form av ulike pedagogiske tiltak og turneformidling. Gjennom ulike aktivitetar er det stiftinga sitt overordna og ideelle føremål å fremje kulturtilbodet til fastbuande og besøkande i regionen.

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har tidlegare vald kvar sin medlem og varamedlem til styret i stiftinga. Stiftinga ønskjer å endre vedtektene slik at Vestland fylkeskommune oppnemner ein medlem og ein varamedlem, og at Stavanger jazzforum vert gjeve rett til å oppnemne ein medlem i Vestland fylkeskommune sin stad. Fylkesutvalet i Vestland skal uttale seg om vedtektsendringa i fylkesutvalsmøtet 14.02.20. Endringa skal seinare godkjennast av Stiftingstilsynet.

Fylkesrådmannen går ut frå at framlegget til endring av vedtektene vert godkjent, men sidan det førebels er uvisst om fylkeskommunen skal velje ein eller to styremedlemar, bør fylkestinget velje to medlemar i rekkefølge og to personlege varamedlemar. Dersom vedtektene vert endra i tråd med forslaget, vil det vere den første medlemen av dei to som får plassen i styret.

Hordaland fylkeskommune gjorde slikt val for perioden 2016- 2019:

Medlem: Elizabeth Toft Erichsen

Varamedlem: Emil Gadolin (først frå des. 2018)

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde slikt val for perioden 2016- 2019

Medlem: Hallvard Oppedal

Varamedlem: Harald Bjarte Reite

Sunnhordland museum <https://sunnhordland.museum.no/>

Sunnhordland Museum er regionalt ansvarsmuseum for kommunane i Sunnhordland. Museet er «minnebank» for Sunnhordland og dokumenterer regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet skal fremja interesse for kunnskap om fortida, og stimulera både innbyggjarar og besøkande si interesse for regionhistoria.

Fylkestinget skal velje to medlemar og to varamedlemar til styret i stiftinga.

Ved førre val valde Hordaland fylkeskommune Signe Ekeland og Gunnar Bakke (frå 08.03.17) som medlemar og Harald Rydland og May Eva Sandvik som varamedlemar.

### **Val til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.**

Organa fylkeskommunen skal innstille eller velje medlemar til er ulike og har ulike rammer, t.d. vedtekter. Dei ulike organa vert nærare kommentert under.

### **Valet til det einskilde organet:**

Distriktsprogramrådet for NRK Vestland

I brev til fylkestinget i Vestland 01.10.19, informerte NRK om at distriktsverksemda skulle tilpassast dei nye fylkesinndelingane frå nyttår. Det er fylkestinga som oppnemner distriktsprogramråda, jf. kringkastingslova § 7-3.

I kringkastingslova heiter det i § 7-3:

“Distriktsprogramrådene skal uttale seg om hovedlinjene i programvirksomheten ved distriktskontorene og i de programsaker som kringkastingsjefen eller lederen for distriktskontoret forelegger eller som rådet finner grunn til å ta opp.

Kringkastingsjefen og lederen for distriktskontoret kan innhente rådets uttalelse i administrative og økonomiske saker.

Det skal være ett distriktsprogramråd for hvert distriktskontor.

Distriktsprogramrådet skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer oppnevnt av fylkestinget for fire år. Et medlem kan bare gjenoppnevnes for én periode...”

Medlemer i Distriktsprogramrådet for NRK Sogn og Fjordane i perioden 2015 - 2019 har vore:

Leiar: Monica Oppedal  
Varamedlem: Torbjørn Vereide  
Nestleiar: Karoline Bjerkeset  
Varamedlem: Erlend Haugen Herstad  
Medlem: Tore Storehaug  
Varamedlem: Bjørn Harald Haugsvær  
Medlem: Magne Årdal  
Varamedlem: Eldrid Skudal  
Medlem: Ingvar Myrvollen  
Varamedlem: Daniel Gangeskar

Av desse er Karoline Bjerkeset og Monica Oppedal ikkje valbare, då dei har vore medlemer i rådet i to periodar. Dei andre er valbare.

Medlemer i Distriktsprogramrådet for NRK Hordaland i perioden 2015 - 2019 har vore:

Leiar: Stian Nyhus  
Varamedlem: Kjell Håland  
Medlem: Grete Line Simonsen  
Varamedlem: Natalia Golis  
Medlem: Sara Hamre Sekkingstad  
Varamedlem: Camilla Karlsen  
Medlem: Nils Marton Aadland  
Varamedlem: Renate Møgster Klepsvik  
Medlem: Anita Garlid Johannessen  
Varamedlem: Daniel Charles Hextall

Grete Line Simonsen er ikkje valbar, då ho har vore medlem i rådet i to periodar. Det same kan gjelde for andre tidlegare valde medlemmar.

Fylkestinget skal altså velje fem medlemer og varamedlemer. Fylkestinget skal også velje leiar og nestleiar.

#### Forum Nye Bergensbanen - arbeidsutvalet

Forum Nye Bergensbanen er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992. Forumet vart oppretta i 1993. Medlemene i Forum Nye Bergensbanen er fylkeskommunane Vestland og Viken, samt ulike kommunar i fylka. NHO og LO i fylka har møte- og talerett.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare valt Pål Kårbø som medlem og Jon Askeland som varamedlem av arbeidsutvalet i forumet.

Vestland fylkeskommune skal no velje ein medlem og ein varamedlem til arbeidsutvalet.

#### Hardangerviddarådet

Hardangerviddarådet vart etablert rett etter at den regionale planen for Hardangervidda vart vedteken i 2011. Rådet er sett saman av representantar frå dei same instansane som sat i

styringsgruppa for det regionale planarbeidet i perioden 2008-2011.

Medlemene i rådet er ein sentral politiker frå kvar av dei ni Hardangerviddakommunane, to sentrale fylkespolitikarar frå alle tre fylke, ein frå kvar av fylkesmennene og leiar i Villreinnemnda. I tilknytning til Hardangerviddarådet er det også etablert ei fagleg administrativ gruppe.

Vestland fylkeskommune sin representantar i rådet i dag er Linda Haugland Jondahl og Gustav Bahus. Desse er tidlegare valde av Hordaland fylkeskommune. Valde varamedlemer er Toralv Mikkelsen og Einar Lutro.

Vestland fylkeskommune skal no peike ut to nye representantar med varamedlemer.

Haugalandspakken <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/haugalandspakken>

Haugalandspakken vart vedteke i Stortinget 14. juni 2007 (innst. S nr 214 (2006-07) Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak på Haugalandet i Rogaland og Hordaland).

Haugalandspakken omfattar prosjekt i kommunane Etne, Sveio, Bokn, Haugesund, Karmøy, Tysvær og Vindafjord. Den består av ei rekkje delprosjekt som m.a. utbetring av E134 Haugesund-Etne, fleire prosjekt på rv. 47 Haugesund-Sveio, og ein del utbetringar og trafikksikringstiltak på fylkesvegar med tilknytning til E134 og E39 og langs rv. 47.

Den politiske styringsgruppa for prosjektet prioriterer prosjekt i Haugalandspakken etter innstilling frå ei fagleg koordineringsgruppe.

Fylkestinget skal peike ut ein medlem til den politiske styringsgruppa.

I førre valperiode valde Hordaland fylkeskommune Synnøve Solbakken som medlem av styringsgruppa for Haugalandspakken.

Hordaland Kunstsenter <http://www.kunstsenter.no/>

Hordaland kunstsenter held til i Bergen, og vart etablert i 1976 som det første kunstnardrivne kunstsenteret i Norge. Senteret sitt mål er å jobbe for at samtidskunsten i og frå Norge blir synlegare, samt å legge til rette for kunstfagleg utveksling i ulike geografiske og politiske samanhengar.

Fylkestinget skal velje to medlemar med varamedlemar til representantskapet og ein medlem med varamedlem til styret.

Medlemar av representantskapet i perioden 2015-2019 har vore:

Medlem: Kine Bratli Dale  
Varamedlem: Tor André Ljosland

Medlem: Gunnar Bakke  
Varamedlem: Lisa Nøttseter

Medlem av styret har i perioden 2015-2019 vore:

Medlem: Toralv Mikkelsen  
Varamedlem: Olav Kvinge

Invest in Bergen - styringsgruppe

Invest in Bergen er ein offisiell organisasjon som jobber for å få fleire investeringar og bedriftsetableringar i Bergensregionen. Organisasjonen yter gratis tenester. Organisasjonen er den lokale partnaren til Invest in Norway som er ein del av Innovasjon Norge. Invest in Bergen er finansiert av Vestland fylkeskommune og følgjande kommunar: Alver, Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Ulvik,

Ullensvang, Vaksdal, Voss og Øygarden.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare valt Roald Kvamme som leiar av styringsgruppa og Mona Røsvik Strømme som varamedlem.

Vestland fylkeskommune skal no peike ut ein medlem og ein varamedlem i styringsgruppa.

#### Ivar Torkildsens legat

Legatet skal årleg utdele midlar til «trengende vanføre», fortrinnsvis born og yngre personar, heimehøyrande i Hordaland eller Sogn og Fjordane (Vestland), med sikte på at dei betre skal kunne klare seg sjølve. Utdelinga vert gjort av styret etter framlegg frå tildelingsutvalet.

Tildelingsutvalet er samansett av éin medlem vald av Bergen kommune og fire medlemmer valde av Vestland fylkeskommune.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar gjorde slikt val til tildelingsutvalet for perioden 2015-2019:

Medlem: Aud Karin Oen

Medlem: Gustav Bahus

Medlem: Gunn Sande

Medlem: Torbjørn Vereide

#### I/S Fjordvegen Rute 13 <https://fjordvegen.no>

Fjordvegen Rute 13 jobbar for at Fjordvegen Rute 13 (RV 13/FV 13) skal bli ein trygg, effektiv og attraktiv veg med gjennomgåande høg standard. Rassikring og trygg veg med gul midtstripe er hovudfokus. Fjordvegen Rute 13 ynskjer å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportrute, og som den indre hovudvegen på Vestlandet.

Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har tidlegare peika ut éin styremedlem (med varamedlem) kvar til styret. Som følgje av regionreforma vart vedtektene endra på årsmøtet i 2019. Nytt punkt om val av styre lyder som følgjer:

*Fylkestinga i Rogaland og Vestland oppnemner sjølv kvart sitt styremedlem med personleg varamedlem for 4 år om gongen som følgjer valperioden for val til fylkesting.*

Fylkestinget skal difor, etter gjeldande vedtekter, peike ut éin medlem (med varamedlem) til styret. Rogaland har valt ein mannleg representant. Det er difor ønskjeleg at Vestland fylkeskommune peikar ut ei kvinne som styremedlem.

Fylkeskommunane sine representantar for fylkestingsperioden 2015-2019 har vore:

Medlem frå Hordaland fylkeskommune (HFK): Marthe Hammer

Varamedlem frå HFK: Gard Folkvord

Medlem frå Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK): Arnstein Menes

Varamedlem frå SFFK: Harald Bjarte Reite

#### Kristoffer Lehmkuhls Fond til fremme av Norsk Næringsliv

Fylkestinget skal velje to styremedlemer og to varamedlemer til fondet for perioden 2020-2022.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin representant i perioden 2017-2019 har vore Mathias Råheim. Vararepresentant har vore Aleksander Øren Heen.

Hordaland fylkeskommune sin representant i same periode har vore Kari Sørensen Bernardini. Vararepresentant har vore Kine Bratli Dale.

Forretningsføraren for Fondet opplyser at det vil vere ein fordel med kontinuitet i styrearbeidet.

### Kystskogbruket -styringsgruppe [www.kystskogbruket.no](http://www.kystskogbruket.no)

Kystskogbruket er ei samarbeidsform og ein arbeidsmetodikk, kor skog- og trenæringa i kystfylka jobbar aktivt saman med fylkespolitisk - og administrativt nivå, med stønad frå faginstansen hos Fylkesmannen. Målet til Kystskogbruket er å firedoble verdiskapinga gjennom at potensialet i skogbruket langs kysten vert realisert innan 2040.

Kystskogbruket si andre «*Melding om Kystskogbruket*» vart vedteken i alle fylkesting i Kystskogbruket hausten 2015, inkludert Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er etablert eit oppfølgingsprogram for å bidra til å nå måla i meldinga. Dette vert styrt av ei styringsgruppe som består av eit medlem frå kvart fylkesting. I tillegg blir arbeidet understøtta av ei administrasjonsgruppe, som er sett saman av ein tilsett frå kvar av fylkeskommunane.

For fylkestingsperioden 2019-2023 skal kvart fylkesting utnemne sin representant til Styringsgruppa for fylkeskommunalt oppfølgingsprogram (FOP). Samansetninga fram til valet i 2019 var slik:

Fylke	Medlem i Styringsgruppa	Administrativ representant
Sogn og Fjordane	Erlend Haugen Herstad	Ingeborg Lysne Mcevoy
Hordaland	Helge Nævdal	Heidi Bjønnes Larsen

Vestland fylkesting skal utnemne ein representant til styringsgruppa. Fylkestinget kan også utnemne ein vararepresentant.

### Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) <https://www.lnk.no/>

LNK har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Landstinget er organisasjonen sitt høgaste styringsorgan. Tinget held møte annakvart år.

Fylkestinget skal oppnemne to utsendingar og to varautsendingar til landstinget.

For perioden 2016-2019 oppnemnde Sogn og Fjordane fylkeskommune Jenny Følling og Karen Marie Hjelmeseter som utsendingar og Åshild Kjelsnes og Jakob Andre Sandal som varautsendingar.

### Nordfjellarådet

Nordfjellarådet vart etablert for å følgje opp Regional plan for Nordfjella og hadde sitt første møte i 2016. Hovudformålet med Regional plan for Nordfjella er å kome fram til ein langsiktig og heilskapleg strategi for bruk av areal som er viktige leveområde for villreinen eller påverkar villreinen sine leveområde.

Rådet består av ein politisk vald representant fra kvar av kommunane og fylkeskommunane, ein representant frå kvar av fylkesmennene, frå villreinnemnda og frå villreinutvalet.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare valt Benthe Bondhus som medlem og Aslaug Hellesøy som varamedlem.

Vestland fylkeskommune skal no velje ein medlem og ein varamedlem til rådet.

### Norsk Gassforum <http://gassforum.no/>

Norsk Gassforum har som formål å fremje bruk av gass i Norge.

Fylkeskommunar, kommunar eller regionale organ der fylkeskommune eller kommune er med, kan vere medlem. Desse er medlemmer frå og med 01.01.20: Telemark Gassforum, Agder Gassforum, Rogaland fylkeskommune, Vestland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune, Nordland fylkeskommune og Troms og Finnmark fylkeskommune.

Styret består av éin representant med vararepresentantar frå kvar medlem. Kvar medlem stiller også med ein sekretær.

Styrevalet følgjer normalt valperioden til kommunestyre og fylkesting.

I 2015 peika fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune ut Åshild Kjelsnes (Ap) som medlem, Bjørn Erik Hollevik (H) som første varamedlem og Aleksander Øren Heen (Sp) som andre varamedlem. Seniorrådgjevar Audun Erik Sunde har vore sekretær for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune peika i 2015 ut Roald Kvamme som medlem, og han er leiar av det sitjande styret. Seniorrådgjevar Arthur Kristian Arnesen har vore sekretær for Hordaland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune skal peike ut ein styremedlem, to varamedlemar og ein sekretær.

### Nynorskfylket Vestland

Nynorskfylket er eit nettverk for aktørar som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk. I 2012 gjorde fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtak om å ta initiativ til etablering av eit nynorsk nettverk i Sogn og Fjordane. Jan Olav Fretland vart valt som fylkeskommunen sin folkevalde representant, og seinare leiar. Frå 2015 fekk nettverket namnet Nynorskfylket. Det føreligg no eit ønskje om å utvide nettverket sitt verkeområde til Vestland. Det blir lagt fram ei eiga sak om utviding av Nynorskfylket Vestland for fylkestinget 03.03.20. I den saka kan ein finne meir bakgrunnsinformasjon om nettverket.

Vestland fylkeskommune skal no velje folkevalde representantar, leiar og vara, til Nynorskfylket Vestland, for fylkestingsperioden 2019-2023.

Gunhild Berge Stang har frå 2015 til 2019 vore Sogn og Fjordane fylkeskommune sin folkevalde representant og leiar i nettverket.

### Rallarvegrådet

Rallarvegen er anleggsvegen over høgfjellet bygd i samband med framføring av Bergensbanen for meir enn 100 år sidan. Bane NOR eig og drifrar vegen. Rallarvegen er landets mest populære sykkelveg i fjellet og vert nytta av 25 000 sykkistar i sommarsesongen. Vegen er viktig for reiselivsnæringa og næringsdrivande i området, men det er og andre brukarinteresser knytte til vegen. Rallarvegrådet har som mål å legge til rette for ei heilskapleg forvaltning av Rallarvegen i samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

Vestland fylkeskommune har overteke sekretariatsfunksjonen for rådet frå Hordaland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune skal peike ut ein medlem og ein varamedlem av rådet. Hordaland fylkeskommune har tidlegare peikt ut Helge Nævdal som medlem og Lillian Rogne som varamedlem av rådet.

### Samarbeidande Kraftfylke <https://www.kraftfylka.no/>

Samarbeidande Kraftfylke har frå 2020 sju medlemmer. Det noverande styret har innstilt på at det nye styret skal ha sju medlemmer, ein frå kvar av fylkeskommunane.

Styret vert vald av årsmøtet for heile fylkestingsperioden blant folkevalde med sentral posisjon i fylkeskommunen, t.d. medlemmer i fylkesutvalet.

Fylkestinget skal velje éin delegat til årsmøtet (26. mars 2020) og kome med framlegg på to kandidatar til styret. Dei to kandidatane til styret skal vere av kvart sitt kjønn og i prioritert rekkjefølgje.

I inneverande periode har Mona Røsvik Strømme, Hordaland fylkeskommune, vore styreleiar i foreininga. Sigurd Reksnes, Sogn og Fjordane fylkeskommune, har vore varamedlem til styret.

#### Sogn og Fjordane Skogselskap - styret

Sogn og Fjordane Skogselskap er eitt av nitten regionale skogselskap tilslutta Det norske Skogselskap. Skogselskapet er ein ideell medlemsorganisasjon som arbeider for å skape forståing for alle verdiane knytte til skogen. Meir informasjon finst her:

<https://www.skogselskapet.no/fylkesskogselskapene/sogn-og-fjordane/>

Skogselskapet har eit styre på fem medlemmer. Fylkeskommunen vel éin medlem med varamedlem. Dei fire andre medlemene vert valde av årsmøtet. Styret skal ta vare på skogselskapet sine interesser, ta hand om midlar og eigedomar og fremje skogselskapet sine føremål på beste måte.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin medlem og varamedlem i styret i perioden 2015-2019 har vore:

Medlem: Ole Johnny Stubhaug

Varamedlem: Odd Atle Stegegjerdet

#### Stamvegutvala

**E16:** Stamvegutvalet for E16 har i brev av 17.09.19 bede om at Vestland fylkeskommune oppnemner éin representant og éin vararepresentant for valperioden 2020-2023.

Stamvegutvalet ser gjerne at fylkeskommunane vel fylkesordførarane, eventuelt leiarane av samferdsleutvalet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin representant i perioden 2016 - 2019 har vore Åshild Kjelsnes. Vararepresentant har vore Arnstein Menes.

Hordaland fylkeskommune sin representant i perioden 2016 - 2019 har vore Jon Askeland (frå 2017). Vararepresentant har vore Marthe Hammer.

**E39:** Fylkestinget må også velje éin representant og éin vararepresentant til stamvegutvalet E39 i Sogn og Fjordane.

Representant i perioden 2016 - 2019 har vore Jenny Følling. Vararepresentant har vore Åshild Kjelsnes.

#### Tusenårsstaden Gulatinget

Tusenårsstaden «Gulatinget» har vore organisert som eit samarbeidstiltak mellom Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkestinget skal velje éin medlem og éin varamedlem til styringsgruppa.

Representant i perioden 2016 - 2019 har vore Karen Marie Hjølmeseter. Jakob Andre Sandal har vore vararepresentant.

#### Ungt Entreprenørskap Hordaland/Vestland - styret og valnemnda

Ungt Entreprenørskap (UE) er ein ideell, landsomfattande organisasjon som i samspel med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar jobbar for å utvikle barn og unges kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv. UE ble etablert 21. oktober 1997. Gjennom den europeiske organisasjonen JA-YE Europe samarbeider UE nært med sine søsterorganisasjoner i 38 land i Europa. UE er medlem i den verdsomspennande organisasjonen JA Worldwide.

UE Hordaland vart etablert i 2001 og er ein sjølvstendig organisasjon med eige styre. Fylkesorganisasjonane UE Hordaland og UE Sogn og Fjordane er inne i ein prosess med å



etablere UE Vestland, og verksemda i dei eksisterande organisasjonane skal overførast i sin heilskap til denne nye fylkesforeininga.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare føreslege Rasmus Laupsa Rasmussen som medlem av styret og Roald Kvamme som medlem av valnemnda. Rasmus Laupsa Rasmussen er i dag styreleiar.

Vestland fylkeskommune skal no føreslå ein medlem av styret og ein medlem av valnemnda i Ungt Entreprenørskap Hordaland/Vestland. Det er årsmøtet i foreininga som vel styre og valnemnd etter innstilling frå foreininga si eiga valnemnd. Årsmøtet er i 2020 planlagt til 01.04.20.

#### Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område

Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område er eit samarbeidsorgan for verdsarvminnet Urnes stavkyrkje, og skal syte for eit godt samarbeid om oppfølging av verdsarvstatusen og utvikling av verdsarvminnet og området rundt.

Fylkestinget skal velje éin medlem og éin varamedlem til Verdsarvrådet. Etter retningslinene for rådet skal fylkesordførar/fylkesvaraordførar veljast.

Representant i perioden 2016 - 2019 har vore Åshild Kjelsnes. Jon Olav Kvamme har vore vararepresentant.

#### Vestkystparken

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om regionalt tilpassa, effektiv og berekraftig forvaltning av viktige friluftsområde langs kysten i Rogaland og Vestland fylke.

Vestkystparken vert leia av eit styre med to politiske representantar oppnemnt frå kvar av fylkeskommunane og ein politisk valt representant frå kvart av friluftsområda. Styret si funksjonstid følgjer fylkestingsperioden. Styreleiar er ein av representantane oppnemnt frå den fylkeskommunen som har sekretariatet. Nestleiar skal oppnemnast frå den andre fylkeskommune.

Sekretariatsfunksjonen er lagt til fylkeskommunane, vekselvis for fire år, og følgjer leiarvervet som også varar i fire år i kvar fylkeskommune fordelt over to tingperiodar.

Vestland fylkeskommune skal no peike ut to politiske representantar til styret i Vestkystparken og kan også oppnemne to vararepresentantar. Representantane kan med fordel veljast frå medlemmane av hovudutvalet for kultur, idrett og integrering, som er det utvalet som har fagansvaret for partnerskapet. Sekretariatsfunksjonen ligg for dei neste to åra (framleis) til Vestland fylkeskommune, noko som betyr at ein av Vestland fylkeskommune sine representantar vert styreleiar i styret for dei komande to åra.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare valt Jon Askeland og Renate Møgster Klepsvik som representantar i styret, og Aud Karin Oen og Svein Halleraker som vararepresentantar.

#### Vestland vassregionutval

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt representantar i høvesvis Hordaland vassregionutval og Sogn og Fjordane vassregionutval. Meir informasjon finst her: <http://www.vannportalen.no/>

Inndelinga i vassregionar og vassregionmynde er endra ved ei forskriftsendring som har trådd i kraft samstundes med regionreforma 1. januar 2020. Vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland er slegne saman til Vestland vassregion. Meir informasjon om forskriftsendringa er tilgjengeleg her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-endringer-vannforskriften-vedlegg-1/id2673055/>

Fylkestinget i Vestland skal velje leiar og nestleiar til Vestland vassregionutval, i tillegg til to varamedlemer i rekkjefølgje. Valperioden følgjer fylkestingsperioden.

Representantar i Sogn og Fjordane vassregionutval for perioden 2015-2019:

Leiar: Anders Ryssdal

Nestleiar: Helen Hjertaas

1. varamedlem: Anne Kristin Lilleaasen

2. varamedlem: Stein Faleide Malkenes

Representantar i Hordaland vassregionutval for perioden 2015-2019:

Leiar: Tom Sverre Tomren

Medlem: Benthe Bondhus

Varamedlem: Mona H. Hellesnes

Varamedlem: Helge Nævdal

## Forslag om medlemar til styre i selskap

Aksjelova (asl.) inneheld fleire krav som fylkestinget bør kjenne til når ein skal peike ut medlemmer til styre i aksjeselskap.

### Kven vel styret i eit aksjeselskap?

Det er generalforsamlinga i eit selskap som vel styremedlemar, og som bestemmer om det også skal veljast varamedlemar, jf. asl. § 6-3. Det kan fastsettast i vedtektene at generalforsamlinga sin valrett kan overførast til andre. Meir enn halvdel av styret sine medlemar skal likevel veljast av generalforsamlinga, om ikkje valretten vert overført til eit vedtaksfesta selskapsorgan. Valrett kan ikkje overførast til styret eller til ein medlem av styret. Det finst eigne reglar for styremedlemmer valt av dei tilsette. Dersom selskapet har bedriftsforsamling (selskap med fleire enn 200 tilsette), høyrer valretten til denne.

### Reglar om representasjon av begge kjønn i styret

Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld på tilsvarande måte for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst 2/3 av aksjane, jf. kommunelova § 21-1. Har styret to eller tre medlemmer, skal begge kjønn vere representert. Har styret fire eller fem medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst to, osb.

### Styremedlemmer si tenestetid

Styremedlemmer tenestegjer i to år. I vedtektene kan det fastsettast kortare eller lengre tenestetid. Tenestetida vert rekna frå valet, og opphøyrer ved avslutninga av den ordinære generalforsamlinga i det året tenestetida går ut, om ikkje anna er bestemt. Sjølv om tenestetida er ute, skal styremedlemmen stå i vervet til ny medlem er vald. Ein styremedlem har rett til å tre tilbake før tenestetida er ute, men skal då gje styret, og den som har valt medlemmen, rimeleg førehandsvarsel. Ein styremedlem kan avsetjast av den som har valt medlemmen. Det gjeld eigne reglar for styremedlemmer valt av dei tilsette.

### Krav til styremedlemmer

Berre myndige personar kan vere styremedlemmer, jf. asl. § 6-11. Minst halvparten av styrets medlemmar skal i utgangspunktet vere busette her i riket.

### Styret sitt ansvar

Forvaltninga av selskapet høyrer under styret, jf. asl. § 6-12. Styret skal sørgje for forsvarleg organisering av verksemda, og skal i nødvendig utstrekning fastsette planar og budsjett for selskapet si verksemd. Styret kan også fastsette retningslinjer for verksemda. Styret skal halde seg orientert om selskapet si økonomiske stilling og pliktar sjå til at verksemd, rekneskap og formuesforvaltning vert utsett for forsvarleg kontroll. Styret skal sette i verk nødvendige undersøkingar. Styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Styret kan fastsette instruks for den daglege leiinga. I selskap som berre har ein aksjeeigar, skal styret sørgje for at avtalar mellom selskapet og aksjeeigaren vert nedteikna skriftleg.

### Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) sine anbefalingar for styresamansetjing

Styret bør setjast saman slik at det kan ivareta aksjonærfellesskapet sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det bør takast omsyn til at styret kan fungere godt som eit kollegialt organ, styremedlemmar skal ikkje opptre som individuelle representantar for ulike aksjeeigarar eller andre interessegrupper.

Styret bør setjast saman slik at det kan handle uavhengig av særinteresser. Fleirtalet av dei aksjeeigarvalde medlemmane bør vere uavhengige av leiande tilsette. Minst to av dei aksjeeigarvalde medlemmane bør vere uavhengige av selskapets hovudaksjeeigarar. Generalforsamlinga bør velje styreleiar. I årsrapporten bør styret opplyse om deltaking på styremøte og om tilhøve som kan kaste lys over styremedlemmane sin kompetanse og uavhengigheit.

### **Forslag til styret eller valnemnda i det einskilde selskapet:**

Beredt AS <https://www.beredt.no/>

Selskapet si verksemd er å skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting. Verksemda skal - etter arbeidsmarknadsetatens retningslinjer - skape grunnlag for sysselsetting av grupper som av ulike årsaker har vanskar på den ordinære arbeidsmarknaden, herunder drive teoretisk og praktisk kompetansebygging, slik at deltakarane kan møte best mogleg førebudde til eit framtidig arbeidsforhold utanfor bedrifta.

Generalforsamlinga vel styre etter innstilling frå ei valnemnd i selskapet. Valnemnda i selskapet får forslag frå fylkestinget. Styret har fem medlemmer og fire varamedlemmer.

Fylkeskommunen oppnemner dei styremedlemmane som ikkje er tilsettere representantar. Fylkeskommunen føreslår styreleiar og nestleiar.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare peika ut følgjande:

Medlem (leiar): Dan Femoen (fråtrede hausten 2019)

Medlem (nestleiar): Roald Kvamme

Medlem: Vigdis Anita Gåskjenn (frå 13.06.19)

Varamedlem: Sara Hamre Sekkingstad

Varamedlem: Gustav Bahus

Vestland fylkeskommune skal no peike ut tre medlemmer (og av dei leiar og nestleiar) og to varamedlemmer.

Bergen Vitensenter AS <https://www.vilvite.no/>

Senteret skal utvikle og drive eit populærvitenskapleg opplevings- og læringscenter for teknologi, naturvitenskap, matematikk og humaniora spesielt retta mot barn og unge, samt anna verksemd som naturleg fell saman med dette, herunder å delta i samarbeid med andre selskap og føretak med liknande verksemd. Selskapet har ikkje til formål å gje økonomisk utbytte til aksjonærane.

Styret i selskapet skal ha fem til ni medlemmer. Dei tilsette vel ein styremedlem med personleg vara. Dei andre styremedlemmene vert valde av generalforsamlinga. Generalforsamlinga vel to varamedlemmer i nummerert rekkefølge. Styret skal innstille ein valkomite for generalforsamlingen. Styremedlemmene vert valde for ein periode på to år. Maksimalt 3-5 styremedlemmer skal vere på val i kvar ordinære generalforsamling. Styremedlemmer kan attveljast.

Fylkeskommunen kjem med framlegg om ein medlem og ein varamedlem til styret.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare peika ut Rasmus Laupsa Rasmussen som medlem av og Dan Femoen som varamedlem.

BKK AS

Fylkeskommunen skal peike ut ein medlem med varamedlem til styret.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare peika ut Anne Gine Hestetun som medlem og Mona Røsvik Strømme som varamedlem (frå 04.10.17).

Vestland fylkeskommune skal no kome med framlegg om ein medlem og ein varamedlem til styret i selskapet.

### Bybanen AS

Selskapet sitt føremål er å forvalte og drifte infrastrukturen for «Bybanen», herunder også «Bybanens» skinnegående materiell. Selskapet har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/tele og skinnegående materiell for Bybanen i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter.

Styret skal ha sju medlemmer. Valperioden er slik at høvesvis fire og tre styremedlemar er på val i ordinær generalforsamling annakvart år. Etter ønskje frå generalforsamlinga kan det veljast inntil to varamedlemar. Valperioden for desse er eitt år. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar mellom dei valde styremedlemane for eitt år om gongen.

Hordaland fylkeskommune peika i førre valperiode ut Tor André Ljosland og Mona Røsvik Strømme som medlemar og Kari Foseid Aakre som vara for Ljosland og Sigbjørn Framnes som vara for Strømme. Alle desse verva er på val på ordinær generalforsamling i selskapet i 2020.

Fylkeskommunen skal no peike ut to medlemmer og to varamedlemar til styret i selskapet.

### Carte Blanche AS

Selskapet skal utvikle og formidle samtidsdans og anna beslekta verksemd. Som nasjonalt kompani for samtidsdans, skal selskapet produsere og presentere førestillingar av høgste kvalitet laga av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografar innan samtidsdans. Selskapet har eit nasjonalt og regionalt ansvar for å formidle samtidsdans til eit mangfaldig publikum og å bidra til å utvikle kunnskapen om norsk samtidsdans internasjonalt gjennom å arbeide for internasjonal anerkjenning og nærvær.

Carte Blanche AS er eigd av Den norske stat (70%), Vestland fylkeskommune (15%) og Bergen kommune (15%).

Ifølgje selskapet sine vedtekter, skal selskapet leiast av eit styre på sju medlemmer inkludert representant frå dei tilsette. Generalforsamlinga vel styremedlemane. Fem medlemmer, inkludert styreleiar, vert valde etter forslag frå fylkeskommunen, og ein medlem vert vald etter forslag frå Bergen kommune. Dei tilsette sin representant vert vald i tråd med reglane i aksjelova. Det skal veljast varamedlemar til styret. Valperioden er fire år. Attval bør ikkje skje meir enn ein gong.

I det sitjande styret har Den norske stat fire representantar, inkludert styreleiar. Bergen kommune sin representant er vald som nestleiar av styret. Anne-Beth Njærheim er fylkeskommunen sin representant i styret og Renate Møgster Klepšvik er fylkeskommunen sin varamedlem. Styret er i sin heilskap samansett slik:

Styreleiar: Laila Dävøy <i>Den norske stat</i>	Styremedlemar: Anne-Grete Strøm-Erichsen <i>Den norske stat</i> Per-Harald Nilsson <i>Den norske stat</i> Svein Halleraker <i>Den norske stat</i> Anne-Beth Njærheim <i>Hordaland fylkeskommune</i>	Vara til styret: 1. Chiku Ali <i>Den norske stat</i> 2. Keld Hyldig <i>Den norske stat</i> 3. Nils Marton Aadland <i>Den norske stat</i> Renate Møgster Klepšvik <i>Hordaland Fylkeskommune</i> Astrid Hårstad <i>Bergen kommune</i>
Nestleiar: Ole Hope <i>Bergen kommune</i>	Tilsettere representant: Guro Rimeslåttan Observatør: Gunnar Innvær	

Ansvar for å oppnemne representantar for Staten vart delegert til Hordaland fylkeskommune i 2012, og innarbeidd i selskapet sine vedtekter i 2013. Av dei fem styremedlemene fylkeskommunen oppnemner, skal derfor fire medlemmer og tre varamedlemar i rekkefølge vere staten sine representantar i styret.

På generalforsamlinga i 2020 er to av styremedlemene og fire av varamedlemene fylkeskommunen skal oppnemne på val.

Dette er for det første fylkeskommunen sin representant og varamedlem. Disse har berre vore medlem og varamedlem for ein periode, og er valbare.

Vidare er Staten sin representant Svein Halleraker på val i 2020, etter å ha fått prolongert sin styreperiode ut 2019. Det same gjeld for Statens sine varamedlemar i rekkefølge: Chiku Ali, Keld Hyldig og Nils Marton Aadland, som også fekk prolongert si funksjonstid ut 2019. Disse har alle vore valde for meir enn ein periode, og bør ikkje veljast på ny.

Med utgangspunkt i at Staten er majoritetseigar i selskapet, vil det vere naturleg å ta utgangspunkt i statens prinsipp for styreval, slik desse kjem til uttrykk i Statens eigarskapsmelding for 2019-2020. Her vert m.a. lagt til grunn følgjande:

*«Kompetanse er det viktigste hensynet ved statens arbeid med styresammensetting. Styret i det enkelte selskap bør samlet sett ha kompetanse ut fra selskapets virksomhet (formål), bransje, muligheter og utfordringer, samt statens mål som eier.*

*Kompetanse handler om relevant erfaring og bakgrunn samt personlige egenskaper. Staten vil ved valg av styremedlemmer legge vekt på ledererfaring, styreefaring og relevant bransjeefaring med gode resultater. Styret bør bestå av personer som samlet sett har god forståelse for bransjen selskapet opererer i og relevant ledererfaring som gjør styret i stand til å kunne støtte og utfordre administrasjonen i strategiske og andre vesentlige prioriteringer. Kompetanseområder som for eksempel omstilling, digitalisering, økonomi og finans er normalt også relevant. Særlig for selskapene i kategori 3 vil i tillegg for eksempel god forståelse for statens mål som eier og statens ulike roller være relevant.*

*(...)*

*Med utgangspunkt i kompetansebehovene vil staten bidra til at det enkelte styre har et relevant mangfold ut fra selskapets egenart. Med mangfold menes ulik bakgrunn og kompetanse, blant annet som følge av ulik arbeidserfaring, utdanning, kjønn, alder, geografisk tilhørighet og kulturell bakgrunn. Mangfold gir ulike perspektiver og legger til rette for åpne og godt belyste diskusjoner, som igjen kan gi bedre beslutninger.*

*(...)*

*Videre legger staten vekt på aktuelle kandidaters kapasitet til å bidra i styret og at de legger ned tilstrekkelig tid i vervet. Omfanget av kandidaters øvrige stillinger og verv skal være forenlig med tidsbruken det er rimelig å påregne at kandidaten vil måtte bruke på det aktuelle styrevervet.»<sup>5</sup>*

Stortinget har vidare vedteke at stortingsrepresentantar ikkje bør veljast til verv i selskap som er underlagt Stortinget sin kontroll, med mindre det kan leggest til grunn at representanten ikkje stiller til attval.

Styret i Carte Blanche AS har spelt inn følgjande om styret sitt kompetansebehov:

*«Styrets viktigste funksjon er å påse at virksomheten forvaltes og styres forsvarlig og i tråd med lover og regler. Videre skal styret føre kontroll, og legge lange planer.*

*Det faglige innholdet er delegert til en autonom kunstnerisk leder. Det er viktig at styret ikke legger seg opp i kunstnerisk leders valg, men at styret fører tilsyn med at virksomheten drives og utvikler seg forsvarlig. Selv om styret ikke skal legge seg opp i kunstnerisk leders valg, vil det være relevant at kunstfaglig kompetanse er representert i styret.*

*Styrets medlemmer skal ikke ha bundet mandat, og Stortingets vedtak om at stortingsrepresentanter ikke bør velges til verv i selskap som er underlagt Stortingets kontroll antar vi vil være relevant også for selskapets øvrige eiere. Samtidig er politisk kompetanse erfaringsmessig svært verdifull for Carte Blanche.*

*Videre bør styrets medlemmer samlet ha relevant kunnskap om virksomhetsstyring, så som økonomisk, strategisk, organisatorisk og juridisk kompetanse, og det er viktig at både styrets medlemmer og varamedlemmer har anledning til å sette av tilstrekkelig tid til vervet.*

*Carte Blanche er i en prosess med utvikling av nye lokaler, slik at erfaring med lignende prosjekter er svært nyttig i styrets arbeid.*

*Overordnet for alle styrets medlemmer er forståelse for og et verdsett som støtter behovet for offentlig finansiert kunst.»*

Vestland fylkeskommune skal no oppnemne ein styremedlem og ein varamedlem frå fylkeskommunen og ein styremedlem og tre varamedlemer i rekkefølge for Staten.

#### Det Vestnorske Teateret AS (Hordaland Teater LL)

Det Vestnorske Teateret har til føremål å drive profesjonell og allsidig teaterverksemd i Hordaland. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skapa framsyningar for barn og unge. Teatret skal først og fremst spela på nynorsk og dialekt. Teatret skal arbeida for å få fram ny dramatik.

Selskapet oppretta i 2018 valnemnd som gir innstilling til generalforsamlinga i valsaker. På generalforsamlinga i 2019 var representanten for andre eigarar og tilsettere representanten på val.

Fylkeskommunen skal no peike ut fire medlemar til styret, ein av desse som styreleiar, og to varamedlemer.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare peika ut:  
Medlem (leiar): Pål W. Lorentzen (frå 05.10.2016)  
Medlem: Alexander Fosse Andersen  
Medlem: Ragnhild Stolt-Nielsen (frå 05.10.2016)  
Medlem: Natalia Golis  
Varamedlem: Astrid Aarhus Byrknes  
Varamedlem: Geir Kjell Andersland

#### E134 Haukelivegen AS

Selskapet skal arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Styret i selskapet skal vere på ti medlemer. Den eine styreplassen blir øymerka ein representant for næringslivet. Styremedlemer blir valde for to år om gongen. I tillegg skal det veljast ti vararepresentantar i numerisk rekkefølge, også desse for to år om gongen. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar i styret blant dei ti styremedlemene.

Fylkeskommunen skal no kome med framlegg om ein medlem og ein varamedlem. Hordaland fylkeskommune peika i førre valperiode ut Atle Kvåle som medlem og Gunnar Moland som varamedlem.

#### Fjord Invest Såkorn AS - valnemnd

Selskapet sitt føremål er å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.

Fylkestinget skal kome med framlegg om ein medlem til valnemda. Valnemnda er sett saman av to medlemer. Karen Marie Hjelmeseiter har vore medlem og leiar av valnemda dei to siste åra.

#### Fjord Norge AS

Fjord Norge AS skal gjennom målretta internasjonal marknadsføring bidra til auka trafikk og sesongforlenging og dermed legge til rette for betra lønsemd i reiselivstilknyttede bedrifter i regionen.

Fjord Norge AS skal ved formidling av marknadskunnskap bidra til at reiselivsnæringa i regionen tilbyr marknadstilpassa produkt og tenester.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har peika ut ein styremedlem kvar til styret i Fjord Norge AS. Vestland fylkeskommune overtek derfor ansvaret for å peike ut to styremedlemer.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har peikt ut ein medlem som er valt for perioden 2019-2021. Styremedlemeren utpeikt av Hordaland fylkeskommune, Steinar Aase (dagleg leiar av Fjord Tours AS), er på val i 2020.

Vestland fylkeskommune skal altså peike ut ein styremedlem for perioden 2020-2022.

#### Gløde AS

Gløde AS sitt formål er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i samband med dette.

Selskapet skal leiast av eit styre på seks til åtte medlemmar. Det skal veljast to nummererte varamedlemer. Valperioden er normalt to år. Styreleiar og nestleiar vert valde ved særskilt val. Tilsettere representantar med ein varamedlem skal veljast i samsvar med aksjelova. Ein representant frå tiltaksdeltakarane som er i varige tiltak skal i tillegg veljast som observatør i styret, med møte- og forslagsrett.

Valnemnda i selskapet er: ordføraren i Alver kommune, representant for Framo Flatøy og representant for Norges Handikapforbund - Alver.

Både styret og valnemnda var på val på generalforsamlinga i 2018.

Fylkeskommunen skal no kome med framlegg om ein styremedlem.

#### Griegghallen AS

Selskapet sitt føremål er drift av Griegghallen med tilknyttede forretnings- og kontorlokale.

Fylkeskommunen skal peike ut ein medlem og ein varamedlem til styret i selskapet.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare peika ut Kari Foseid Aakre som medlem (frå 20.04.16) og Benthe Bondhus som varamedlem.

#### Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Selskapet sitt føremål er å leggje tilhøva til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar skal selskapet medvirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peikt ut ein styremedlem til styret i selskapet, Audhild B. Schaathun. Denne styremedlemeren er på val i år.

Vestland fylkeskommune skal derfor peike ut ein styremedlem.

#### Hardanger AKS - valnemnda

Selskapets formål er attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemma, herunder å eiga andre selskap med liknande føremål. Verksemda skal ikkje gje aksjonærane økonomisk utbytte. Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.

Vestland fylkeskommune deltek i valnemnda i selskapet, og skal no peike ut ein medlem av valnemnda.

Hordaland fylkeskommune peika i 2016 ut Roald Kvamme til vervet.

#### Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS

Selskapet skal m.a. medverke til auka verdiskaping og nyetablering innafor kunnskapsintensive verksemdar lokalt og regionalt og få nasjonale kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket. Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket, og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peikt ut ein styremedlem og ein varamedlem til styret i selskapet, i tillegg til ein valnemndsmedlem. Alle verva har ei funksjonstid på to år. Styremedlemeren og valnemndsmedlemeren er på val i år. Varamedlemeren vart attvald i 2019, og er ikkje på val før i 2021.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare utpeikt følgjande til verva:

Styremedlem: Endre Høgalmen.

Varamedlem: Astrid Hove.

Valnemndsmedlem: Karen Marie Hjelmseter.

Vestland fylkeskommune skal no peike ut ein styremedlem og ein valnemndsmedlem.

#### Kveik AS - valnemnda

Selskapet sitt føremål er gjennom fabrikkasjon og anna næringsverksemd å skapa grunnlag for attføring av arbeidstakarar etter tilvising frå NAV.

Hordaland fylkeskommune har vedteke å delta i valnemnda i selskapet, og peika i 2016 ut Roald Kvamme til vervet. Vestland fylkeskommune skal no peike ut ein medlem til valnemnda.

#### Lutelandet Utvikling AS

Selskapet sitt føremål er å arbeide for utnytting av Lutelandet til næringsføremål, samt arbeide for næringsutvikling i regionen rundt Lutelandet.

Styret i selskapet har fem medlemmer. Fylkeskommunen skal peike ut to av desse. Selskapet har valnemnd.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peika ut Audun Erik Sunde og Arve Helle som styremedlemmer i selskapet.

Vestland fylkeskommune skal no peike ut to medlemmar til styret i selskapet.

#### Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS



Selskapet sitt hovudføremål er å leggje til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdiar, herunder, men ikkje avgrensa til, ideell verksemd knytt til: bygningar og anlegg, kyrkjehistorie, pedagogikk/forskningsformidling, kulturformidling/scenekunst og Moster Amfi som reisemål.

Fylkeskommunen peikar ut ein medlem og ein varamedlem av styret i selskapet. Hordaland fylkeskommune har tidlegare peika ut Geir Angeltveit som medlem og Jarle Jacobsen som varamedlem. Desse vart sist attvalde på generalforsamlinga i 2018 for to år.

Vestland fylkeskommune skal no kome med framlegg om ein medlem og ein varamedlem.

#### Opero AS - valnemnda

Målsettinga for bedrifta er å utvikla og gje yrkesmessige tilbod med siktemål om å føra arbeidstakarar attende til, eller inn i, ordinært arbeid. Bedrifta gjev og tilbod om utprøving og avklåring av personar med tanke på framtidig val av arbeid/utdanning.

Fylkeskommunen skal peike ut ein medlem av valnemnda. Hordaland fylkeskommune peika i 2016 ut Roald Kvamme til vervet.

#### Opplæringsfartøy AS

Selskapet sitt føremål er å eige og drive fiskefartøy på ideell basis etter aksjelova § 2-2 (2), hovudsakleg ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vgs. til bruk i opplæring.

Selskapet sitt styre skal ha fire medlemmer. Fylkeskommunen skal føreslå to styremedlemmer, éin styremedlem skal veljast blant personar som er føreslegne av og valde blant dei tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vgs., og éin styremedlem skal veljast av personar som er føreslegne av Sogn og Fjordane Fiskarlag.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peika ut Ottar J. Aare og Kari Morvik som medlemmar av styret.

Vestland fylkeskommune skal peike ut to styremedlemmar for perioden 2019-2023.

#### Sogneprodukt AS

Gjennom arbeidsretta tiltak skapar selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Verksemda gir tilbod om varig tilrettelagt arbeid. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemd kan vere ein del av prosessen.

Selskapet skal leiast av eit styre på sju medlemmer. Av desse vert fem medlemmer med tre vara i rekkjefølgje valde av generalforsamlinga. To styremedlemmer med fire vara i rekkjefølgje skal veljast av dei tilsette. Styreleiar og nestleiar skal veljast kvart år. For alle verv i styret gjeld ei funksjonstid på to år. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar kvart år. Selskapet har valkomité. Valkomiteen skal bestå av ordførarane frå dei største primæreigarkommunane - Vik, Årdal og Sogndal. Ordførar i Vik kommune er leiar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peika ut Astrid Hove som styremedlem (nestleiar i 2019) og Karen Marie Hjelmeseter som varamedlem (andre varamedlem). Fylkeskommunen sin varamedlem vart vald for to nye år i 2019, medan fylkeskommunen sin styremedlem er på val i år.

Vestland fylkeskommune skal peike ut ein styremedlem til selskapet.

#### Sogn og Fjordane Fondet AS

Selskapet sitt føremål er investering av eigenkapital i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og

kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.

Styret består av fire medlemer. Ifølgje aksjonæravtalen har dei tre aksjonærane rett til å peike ut kvar sin representant til styret i fondet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peika ut Jan Heggheim som medlem av styret i selskapet.

Fylkeskommunen sin styremedlem er på val på generalforsamlinga i 2020. Vestland fylkeskommune skal derfor peike ut ein medlem av styret i selskapet.

#### Sunnhordland kraftlag AS

Selskapet sitt føremål er produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Verksemda kan og drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre føretak med tilsvarande eller liknande føremål.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare peikt ut Benthe Bondhus som medlem og Sigbjørn Framnes som varamedlem av styret i selskapet. Desse vart registrerte som styremedlem og varamedlem i selskapet i 2016.

Vestland fylkeskommune skal no kome med framlegg om ein medlem og ein varamedlem til styret i selskapet.

#### Sunnhordland Lufthavn AS

Selskapet sitt føremål er å planleggje, finansiere, opparbeide og drive lufthamna på Stord, og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare peika ut Pål Kårbø som medlem og Terje Søviknes som varamedlem. Gustav Bahus er seinare valt inn som varamedlem i samband med at Søviknes fekk permisjon frå 03.02.17.

Pål Kårbø vart valt for to år på generalforsamlinga i 2018. Gustav Bahus vart valt som varamedlem for eitt år på generalforsamlinga i selskapet i 2019. Begge verva er derfor på val i 2020.

Vestland fylkeskommune skal no kome med framlegg om ein medlem og ein varamedlem til styret i selskapet.

#### Teater Vestland AS (Sogn og Fjordane Teater) <https://teatervestland.no/>

Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemd i området som tidlegare var kjent som Sogn og Fjordane fylke. Teateret kan også spele i andre regionar som ledd i utvekslingsprogram med andre teater. Teateret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.

Styret skal ha fem medlemer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå fylkeskommunen, ein frå Førde kommune og ein frå dei faste tilsette. For styremedlemer valde etter forslag frå fylkeskommunen og Sogn og Fjordane teater skal det veljast varamedlemer i rekkjefølgje. Styremedlemer frå Førde kommune har personleg varamedlem.

Styre- og varamedlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år. Ved fyrste gongs attval etter ei endring av styresamansetjinga, kan nokre av dei aksjonærvalde styremedlemmane veljast for kortare tid enn 4 år. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Styreleiar skal veljast frå ein av representantane føreslegne av fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune skal kome med framlegg om tre styremedlemer (ein av dei styreleiar) og tre varamedlemer i rekkjefølgje.

Styret har i dag følgjande samansetjing:

Rasmus Mo (leiar) (fylkeskommunen)  
Iris Loftheim (nestleiar)  
Ola Tarjei Kroken (fylkeskommunen)  
Kristine Lie (fylkeskommunen)  
Kjell Arvid Furevik (repr. for dei tilsette)  
Varamedlemer i rekkjefølgje (fylkeskommunen):  
1) Hanne Bergliot Oftedal  
2) Eva Marie Halvorsen  
3) Anne Kristin Lilleaasen

#### Vest-Norges Brusselkontor AS

Selskapet sitt føremål er å formidle tenester til, og på vegner av, medlemmene av Foreningen Vest-Norges Brusselkontor. Gjennom selskapet skal medlemene få fremja deira samfunnsmessige interesser som FoU, næring, kultur og andre offentlege interesser. Vidare skal selskapet markere Vest-Noreg som ein region med felles kulturelle og økonomiske band. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

Ifølgje vedtektene skal selskapet ha frå fem til sju medlemer. Val skal haldast kvart år. Styremedlemer vert valde for to år.

På generalforsamlinga i selskapet i 2019 føreslo valkomiteen at styremedlemane som var på val skulle veljast for ein kortare periode enn elles, fram til ekstraordinær generalforsamling i etterkant av kommune- og fylkestingsval hausten 2019. Valkomiteen har bestått av Jenny Følling (Sogn og Fjordane), Gunn Berit Gjerde (Møre og Romsdal) og Roald Kvamme (Hordaland).

Hordaland fylkeskommune har tidlegare peikt ut Anne Gine Hestetun som medlem og Pål Kårbø som personleg varamedlem i styret i selskapet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peikt ut Åshild Kjelsnes som medlem og Jenny Følling som personleg varamedlem.

Vestland fylkeskommune har ikkje motteke avklaring på om den nye fylkeskommunen skal kome med framlegg om to medlemer med varamedlemer til styret, eller om Vestland fylkeskommune skal kome med framlegg om ein medlem, til liks med Møre og Romsdal. Fylkestinget bør derfor velje to medlemer i prioritert rekkjefølgje, med personlege varamedlemer.

#### Vestnorsk filmsenter AS - styret

Vestnorsk filmsenter (VF) er eit aksjeselskap eigd av Bergen kommune og Vestland fylkeskommune, med samarbeidsavtalar med Møre og Romsdal fylkeskommune. Senteret har kontor i Bergen og Volda.

Kjerneverksemda er å forvalte tilskot til og bidra til utvikling av kortfilm og dokumentarfilm og manusutvikling av spelefilm/tv-seriar. Vidare utviklar og arrangerer VF kompetansehevande tiltak for bransjen samt talentutvikling.

Fylkeskommunen skal peike ut ein medlem og ein varamedlem. Fylkeskommunen sin utpeika medlem skal vere styreleiar i perioden 2019-2023.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare peika ut Kine Bratli Dale som medlem og Sigbjørn Framnes som varamedlem.

#### Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS

Selskapet sitt føremål er å etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane

Styret i selskapet skal ha sju medlemer med personlege varamedlemer. Som aksjeeigar peiker fylkeskommunen ut ein medlem med varamedlem. Styret vel sjølv leiar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peikt ut Ole Johnny Stubhaug som styremedlem og Senea Sabanovic som varamedlem. Desse er på val i år.

Vestland fylkeskommune skal no peike ut ein medlem og ein varamedlem til styret.

### **Val til representantskap og medlemsforslag til styre i interkommunale selskap**

Representantskapet er øvste organ i interkommunale selskap. Etter IKS - lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Representantskapsmedelemer treng ikkje vere medlem av fylkestinget, og kommunelova sine reglar om kven som er valbar kjem ikkje til bruk.

Med unnatak av tilsettevalde styrerepresentantar, blir styret i selskapet valt av representantskapet. Fylkesrådmannen gjer merksam på at berre representantar og vararepresentantar som er valde av fylkestinget kan møte i representantskapet. Dersom verken representant eller vara kan møte, er det ikkje høve til at andre møter med fullmakt.

Representanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet . Denne utøvinga av eigarstyringa skal reflektere fleirtalet i fylkestinget.

### **Om valet til det einkilde selskapet:**

#### Trivselshagen IKS

Selskapet sitt føremål er å eige og drive felles anlegg for å sikre Firda vidaregåande skule naudsynt undervisningsareal og å tilby skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall med vidare.

Etter selskapsavtalen skal kvar eigar ha to representantar i representantskapet. Valet følgjer den kommunale valperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Medlemar til representantskapet i perioden 2015 til 2019 har vore Ole Johnny Stubhaug, med Helen Hjertaas som vara, og Anders Kristian Sægrov med Rita Navarsete som vara.

Representantskapet vel styremedlemer, og leiar og nestleiar, for to år av gongen. Styret skal etter framlegget til ny selskapsavtale ha fem medlemer, med personlege varamedlemer. Dagleg leiar eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer av styret.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peika ut Sigurd Erlend Reksnes og Charlotte Østebø Nilsen (Firda vgs.) som styremedlemar og Trude Helen Flåten og Hallgeir Hansen (Firda vgs.) som vara. Flåten ønskjer ikkje å bli attvald.

Vestland fylkeskommune skal peike ut to medlemer til representantskapet med personlege varamedlemer og to medlemar av styret med personlege varamedlemer.

#### VIGO IKS

Selskapet er eit interkommunalt samarbeid med hovudformål å kjøpe inn, vidareutvikle og utvikle, eige og/eller drifte IKT-system til bruk for vidaregåande skule. Herunder felles inntaks- og forvaltningssystem for elevar/lærlingar (VIGO), og andre skuleadministrative system som står i naturleg samanheng med dette.

Deltakarar i selskapet er fylkeskommunane og Oslo kommune.

Representantskapet er øvste avgjerdsmynd i selskapet, og består av ein representant frå kvar deltakar med to personlege varamedlemer. Representantskapet vel styre, inkludert styreleiar og nestleiar. Alle opplæringsregionar skal vere representerte i styret. Rune Haugsdal vart attvald som styremedlem i selskapet for to år på representantskapsmøtet våren 2019. Selskapet har valnemnd.

Hordaland fylkeskommune peikte i førre fylkestingsperiode ut Rasmus Laupsa Rasmussen som medlem i representantskapet og Dan Femoen som varamedlem. Sogn og Fjordane fylkeskommune peikte i førre periode ut Karianne Torvanger som representantskapsmedlem.

Vestland fylkeskommune skal peike ut ein representantskapsmedlem med to personlege varamedlemar.

### Griegghallen IKS

Griegghallen IKS er eigd av Vestland fylkeskommune (50 %) og Bergen kommune (50 %). Føremålet med selskapet er å erverve, eige og leige ut Griegghallen. Selskapet har ikkje erverv til føremål utover dette.

Fylkeskommunen skal velje ein medlem og ein varamedlem til representantskapet i selskapet.

For perioden 2015-2019 valde Hordaland fylkeskommune fylkesordførar Anne Gine Hestetun som medlem og fylkesvaraordførar Pål Kårbø som varamedlem.

### **Val til representantskap i kommunale oppgåvefellesskap og interkommunale samarbeid**

Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefellesskap. Alle deltakarane skal vere representerte med minst ein medlem i representantskapet. Mynda til å velje medlem og varamedlem ligg etter lova til fylkestinget, jf. kommunelova 2018 § 19-3.

Det øvste organet i eit interkommunalt samarbeid (tilsvarande samarbeidsform etter kommunelova av 1992) kan vere eit styre, råd eller representantskap.

Representantskapet sine medlemar vert valde for fire år, om ikkje anna er fastsett i samarbeidsavtale eller vedtekter. Den enkelte deltakaren kan når som helst skifte ut medlemen eller medlemane medlemen sjølv har valt.

Kommunelova sine reglar om val til folkevalde organ gjeld, jf. kommunelova 2018 § 7-2. Kravet om kjønnsbalanse er knytt til det einskilde valet, og vert først aktuelt der fylkeskommunen skal velje to eller fleire medlemar. Det same gjeld for valet av varamedlemar. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av representantskapet. Utelukka frå val til representantskapet, jf. kommunelova § 7-3, er også m.a. kommunedirektøren og kommunalsjefar.

### **Om valet til det einskilde oppgåvefellesskapet / samarbeidet:**

#### Kommunearkivordninga i Vestland Kommunalt oppgåvefellesskap

Føremålet til samarbeidet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner.

Kvar deltakar skal vere representert i samarbeidet sitt øvste styringsorgan, representantskapet. Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare vald fylkesordføraren og varaordføraren som medlem og varamedlem av representantskapet.

Vestland fylkeskommune skal no oppnemne ein medlem og ein varamedlem av representantskapet.

#### Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)

Nasjonal digital læringsarena (NDLA) er eit interfylkeskommunalt samarbeid som tilbyr fritt tilgjengelege opne digitale læringsressursar for vidaregåande opplæring. Vestland fylkeskommune er juridisk ansvarleg eining for det interfylkeskommunale samarbeidet, der ti fylkeskommunar deltek.

Representantskapet er det øvste organet i samarbeidet. Representantskapet består av ein representant frå kvar deltakande fylkeskommune, vald av fylkestinga. Representantskapet møtes ein gong i året til ordinært møte.

Vestland fylkeskommune skal no velje ein medlem og ein varamedlem til representantskapet i samarbeidet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare valt leiaren av hovudutvalet for opplæring, Karianne Torvanger, som medlem og nestleiaren av hovudutvalet for opplæring, Alfred Bjørlo, som varamedlem.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare valt Emil Gandolin som medlem og Dan Stian Femoen som varamedlem.

#### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Ikkje direkte relevant.

**Klima:** Ikkje direkte relevant.

**Folkehelse:** Ikkje direkte relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje direkte relevant.

---

Saknr: 2020/38408-2  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Valnemnda	4/20	03.03.2020
Fylkestinget	19/20	03.03.2020

Søknad om fritak frå verv som medlem i yrkesopplæringsnemnda og nye val og nye val

Forslag til innstilling

1. Tom Knudsen får fritak frå sitt verv som medlem i yrkesopplæringsnemnda.
2. Som nytt medlem frå NHO i yrkesopplæringsnemnda vert vald: .....
3. Som varamedlem frå YS i yrkesopplæringsnemnda vert vald Hildegunn Tretteteig.

**Samandrag**

Tom Knudsen har søkt om fritak frå sitt verv som medlem av yrkesopplæringsnemnda, då han har trådt frå stillinga som regiondirektør i NHO Vestlandet. Søknaden gjeld for resten av valperioden. Det må veljast nytt medlem til yrkesopplæringsnemnda, etter forslag frå NHO.

YS har kome med forslag om Hildegunn Tretteteig som deira varamedlem til plass som ikkje har vore besett.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Søknad om fritak frå verv som medlem i yrkesopplæringsnemnda
- 2 Forslag til varamedlem frå YS

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ved brev datert 4. februar 2020 har Tom Knudsen søkt om fritak frå sitt verv som medlem av yrkesopplæringsnemnda. Knudsen grunnjev søknaden med at han trådte frå som regiondirektør i NHO Vestlandet ved nyttår.

Ved e-post av 10. januar 2020 har YS kome med forslag om Hildegunn Tretteteig som deira varamedlem til plass som ikkje har vore besett.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget avgjer søknad om fritak og gjer val og suppleringsval til særlovsorgan oppretta av fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.5.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Rettsleg grunnlag

Kommunelova § 7-9 regulerer uttreden og fritak. I andre ledd heiter det:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.»

Kommunelova § 7-10 regulerer opprykk, nyval og suppleringsval. I fjerde ledd heiter det:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem.»

Og vidare i sjette ledd:

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg).»

### Vurdering fritak

Av førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018) er om vesentleg-vurderinga sagt at det ikkje skal vere kurant å få fritak. Vidare at vurderinga først og fremst gjeld tilhøve knytt til den folkevalde si helsestilstand, arbeidshøve, familiehøve og andre sterke velferdsgrunner.

Administrasjonen vurderer det slik at vesentlegvilkåret er oppfylt då Knudsen ikkje lenger har noko tilknytning til organisasjonen han vart vald inn som representant for.

Det skal i tillegg leggjast vekt på om grunnlaget for søknaden var kjend då Knudsen samtykka i å bli vald. Administrasjonen har ikkje opplysningar om at Knudsen kjende til dette på tidspunktet for nominering av medlem til yrkesopplæringsnemnda.

Administrasjonen rår til at Knudsen vert innvilga fritak for resten av valperioden.

### Vurdering nyval



Etter kommunelova § 7-10 fjerde ledd skal det veljast eit nytt medlem til yrkesopplæringsnemnda.

Av reglement for yrkesopplæringsnemnda punkt 1 går fram at medlemmer frå partane i arbeidslivet skal nemnast opp etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane/arbeidsgjevarorganisasjonane. Administrasjonen har retta førespurnad til NHO og bede om forslag til nytt medlem.

#### Vurdering suppleringsval

Etter kommunelova § 7-10 sjette ledd kan fylkestinget gjere suppleringsval når talet varamedlemmer er for lavt. YS sin plass for varamedlem har ikkje vore besett. YS har no kome med forslag om Hildegunn Tretteteig som deira varamedlem.

#### Konklusjon

Knudsen vert innvilga fritak frå sitt verv som medlem i yrkesopplæringsnemnda. Nytt medlem vert vald etter forslag frå NHO.

Hildegunn Tretteteig frå YS vert vald som varamedlem.

**TOM KNUDSEN**

4. februar 2020

Vestland Fylkeskommune  
Sandslihaugen 30  
5020 BERGEN

**SØKNAD OM FRITAK**

Viser til mail fra Merethe Helland Nordnes datert 03.02.20.

Jeg søker herved om fritak fra vervet som medlem av yrkesopplæringsnemnda, da jeg fratradte som regiondirektør i NHO Vestlandet ved nyttår.

Med vennlig hilsen



**Tom Knudsen**

Mobil: 908 30 688  
Mail: tomknuds@online.no

**Fra:** Bente Sjøgaard <[bente.sogaard@ys.no](mailto:bente.sogaard@ys.no)>

**Sendt:** fredag 10. januar 2020 11:14

**Til:** Merethe Helland Nordnæs <[Merethe.Helland.Nordnaes@vfk.no](mailto:Merethe.Helland.Nordnaes@vfk.no)>

**Emne:** Re: Oppnevning av yrkesopplæringsnemnd Vestland fylkeskommune

Takk for tilbakemelding.

YS sitt forslag til vara i yrkesopplæringsnemnda er:

Hildegunn Tretteteig

Epost: [hildegunn.tretteteig@gmail.com](mailto:hildegunn.tretteteig@gmail.com)

Bente Sjøgaard  
spesialrådgiver, fagansvarlig utdanning og kompetanse  
Mobil 975 49 308

---

Saknr: 2020/41533-2  
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Valnemnda	5/20	03.03.2020
Fylkestinget	20/20	03.03.2020

Val til styringsorgan i stiftingar, selskap og andre organisasjonar for fylkestingsperioden 2019-2023 - tilleggssak

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer følgjande val for valbolken 2019-2023:

**Skrivekunstakademiet**

Representantskapet

Fylkestinget oppnemnar fylkesutvalet som representantskap

Styret

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem (Den norske Forfatterforening):

Varamedlem (Den norske Forfatterforening):

Medlem (Universitetet i Bergen):

Varamedlem (Universitetet i Bergen):

Leiar:

**Atheno AS**

Observatør:

**Idrettscampus Bergen**

Representant og leiar:

## Samandrag

I møtet 20.02.2020 bad valnemnda om ei sak der val til verv i desse organa kjem opp til behandling:

- Skrivekunstakademiet
- Atheno AS
- Idrettscampus Bergen

Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å velje eller innstille medlemar til eksterne organ, t.d. ulike råd og stiftingar. Ansvar er overteke frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i samband med samanslåinga av desse. I nokre tilfelle vel fylkeskommunen medlemar direkte. I andre tilfelle skal fylkeskommunen kome med forslag om personar, som då kan verte formelt valde av t.d. generalforsamlinga i eit selskap på eit seinare tidspunkt.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen visar til sak om «Val til styringsorgan i stiftingar, selskap og andre organisasjonar for fylkestingsperioden 2019-2023» når det gjeld bakgrunnsinformasjon om val og dei lovar og forskrifter som spelar inn når fylkeskommunen skal gjere val.

Oppnemningsperioden følgjer den fylkeskommunale valbolken, om ikkje anna er sagt. Ein styremedlem skal vanlegvis bli ståande i vervet til ein ny medlem er valt, sjølv om tenestetida er ute, jf. m.a. stiftingslova § 28 og kommunelova 2018 § 7-12.

Under følgjer informasjon om dei tre organa det her skal gjerast val for.

### Skrivekunstakademiet

Vedtektene seier dette om representantskapet:

#### «3. Representantskap

3.1. Fylkesutvalet i Hordaland, valt av Fylkestinget, er representantskap for Skrivekunstakademiet i Hordaland.

3.2. Representantskapen som er det øvste organet for stiftinga har til oppgåve:

- å velja styre og styreformann jfr. § 4.1
- å fastsetja årsrekneskap
- å drøfta langsiktige planar for drifta av stiftinga
- å sjå til at stiftinga vert driven i samsvar med vedtektene og vedtak, gjorde i representantskapen.

Møte i representantskapen vert halde minst ein gong i året, og innkalling skjer i samsvar med instruks for Fylkesutvalet i Hordaland.

Vedtektene seier dette om styret:

#### 4. Styre

4.1.1. Stiftinga skal ha eit styre på fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Valperioden følgjer valperioden for Fylkestinget.

4.1.2. Ein av styremedlemene med varamedlem vert oppnemnd av representantskapen etter framlegg frå Universitet i Bergen.

4.1.3. Ein av styremedlemene med varamedlem vert oppnemnd av representantskapen etter framlegg frå Den Norske Forfatterforening.

4.1.4. Tre styremedlemmer vert valde av representantskapen på fritt grunnlag.»

For valperioden 2016-2020 er følgjande medlemmer og varamedlemmer vald til styret for stiftinga Skrivekunst-akademiet i Hordaland:

#### Medlem

- 1 Rasmus Laupsa Rasmussen, styreleiar
- 2 Aud Karin Oen
3. Børge Lunde
4. Annette Mattsson (Den norske Forfatterforening)
5. Magnus Sjersted (Universitetet i Bergen)

#### Varamedlemmer

1. Alexander Fosse Andersen
1. Beate Husa
1. Ragnhild Fagerbakke
1. Henning Bergsvåg (Den norske Forfatterforening)
1. Christine Hamm (Universitetet i Bergen)

Fylkesrådmannen har ikkje klart namn frå Den Norske forfatterforening og Universitetet i Bergen når saka vert skrive. Desse vert fremja snarast.

### **Atheno AS**

Vestland fylkeskommune har ein partnerskapsavtale med Atheno AS. Det er ein avtale om at dei skal arbeide for å bidra at vi når måla i regional næringsplan. Vestland fylkeskommune har observatør i styra i alle inkubatorane og næringshagane. Vi fungerer som bindeledd mellom den enkelte inkubator/næringshage og programoperatøren Siva. Vi bidrar inn i styra med vårt regionale perspektiv, og gjer informasjon om kva som skjer på det regionale nivå, nasjonale prosessar og koplar dei med andre aktørar. Vi har ikkje delteke som eigar.

Arthur Arnesen som har vore observatør i styret til Atheno AS gjekk av med pensjon 01.02.2020. Vestland fylkeskommune har meldt inn til Atheno AS at seniorrådgjevar Kristin Arnestad, ved seksjon for «Verdiskaping i byregionar», vert observatør frå 01.02.2020.

### **Idrettscampus Bergen**

Samarbeidsavtala punkt 3.1 «Styringsgruppa» seier:

«Styringsgruppa skal bestå av ein medlem frå kvar av Aktørane. Aktørane vel sjølve sin eigen medlem.

Medlemmet frå Hordaland fylkeskommune er leiar for styringsgruppa og representanten frå Bergen kommune er nestleiar.

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for drifta av Idrettscampusen, og bestemmer organiseringa av idrettscampusen, budsjett, overordna planar og strategi.

Styringsgruppa er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmane er til stades. Styringsgruppa gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved stemmelikheit har fungerande leiar dobbeltstemme.

Styringsgruppa sin leiar skal etter behov kalle inn styringsgruppa til møter med rimeleg varsel.

Saksliste og nødvendige underlag for behandling av sakene skal følgje med innkallinga.»

I fylkestinget 14.12.2016 vart det gjort slikt vedtak:

«Fylkestinget nemner opp fylkesordførar som representant til styringsgruppa i det vidare arbeidet.»

Som medlem og styreleiar i styringsgruppa sit Anne Gine Hestetun for Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtaksmynde til å gjere val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jamfør reglement for fylkestinget punkt 2.4 «Val».

Når det gjeld val av styre til Skrivekunstakademiet ligg vedtaksmynde til fylkesutvalet som representantskap for stiftinga. Dersom fylkestinget gjer eit vedtak om val av styre må ein sjå på om fylkesutvalet skal godkjenne dette valet i ettertid.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.